



Me i Sosialdemokratene vil jobba for å oppnå eit meir rettferdig samfunn. Lista bygger på dei sosialdemokratiske ideala om fridom, likskap og solidaritet. Saman skapar me framtidens UiS; saman skapar me framtidens Noreg.

Me ynskjer å:

- **Få fleire valfrie enkeltemne på tvers av fakultet**
- **Oppretta Y-vei til studium under det helsevitskaplege fakultet**
- **Oppretta eit felles hittegodslager for campusane med gjenbruk**
- Arbeida for å pussa opp dusj/garderobar i KA og HL
- Arbeida for låsbar sykkelparkering og sykkelgarderober for studentar
- Fortsetta arbeidet med fleire vatnautomatar i bygga
- Over tid sikra at alle forelesarar har pedagogisk kompetanse
- Få semesteravtale på kaffi i alle kantiner (som CircleK-koppen)
- Oppretta fleire møteplassar på tvers av kulturar
- Ha ein meir praktisk eksamen i profesjonsstudium
- Få universitetet til å ta tydelig stilling for Palestina sin kamp for fridom

Utanom studentparlamentet sitt verkeområde vil me:

- **Alle flyktningar skal få same gode fordelar, uansett bakgrunn**
- **Gjera 50% av studiestøtta til stipend**
- **Oppretta medisin og psykologistudium på UiS**
- Gjeninnføra studiestøtta til studentar utanfor EØS
- Utvida Kolumbus sin ungdomsbillett til å inkludere studentar og holde denne på 299 kr
- Ha full barnehagedekning for studentar
- Arbeida for ein institusjonsbuss mellom studiestadane på Nord-Jæren